

Saksframlegg

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 14/5858-6

Revisorbrev 1-2014 - svar frå fylkesrådmannen

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek svarbrevet frå fylkesrådmannen til revisorbrev 01/2014 til vitande.
2. Vidare oppfølging av det som er påpeikt i revisorbrev 01/2014 vert gjort i samband med revisjon av årsrekneskapen 2014.
3. Oppfølging av revisorbrev 01/2014 er fullført.

Vedlegg:

- Brev frå Fylkesrådmannen datert 24.10.2014 – Svar – Revisorbrev 01/2014
- Revisorbrev 01/2014 frå SF revisjon IKS

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal sjå til at dei tilhøve som revisjonen peikar på, etter forskrift om revisjon § 4, vert følgd opp av fylkeskommunen. Dette er nedfelt i forskrift om kontrollutval § 8.

Revisor skal sende nummererte revisorbrev, ref. forskrift om revisjon § 4, til kontrollutvalet for å peike på forhold som til dømes manglande oversikteleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar, feil og manglar ved den økonomiske internkontrollen, feil som kan medføre feilinformasjon i årsrekneskapen etc.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet mottok revisorbrev 1/2013 10.9.2014. Utvalet handsama brevet i møte 23.9.2014 i KU-sak 41/14. Utvalet gjorde slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek revisorbrev 01/2014 til etterretning.
4. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i revisorbrev 01/2014.
5. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen rapportere staus på arbeidet innan 01.11.2014 til SF revisjon IKS med kopi til kontrollutvalet.

Sekretariatet for kontrollutvalet mottok kopi av brev frå fylkesrådmannen til SF revisjon IKS 24.10.2014. Fylkesrådmannen peikar i brevet på:

- I samband med bankbyte 3.11.14 vil rutinane rundt avstemming av kontantkasse og omsetning på tannklinikkar og vidaregåande skular bli gjennomgått og endra der det trengs slik at avstemmingane ikkje får avvik som revisjonen viser til i revisorbrev 01/2014.
- Feilføringa vedrørende rammetilskot på kr. 763 000 nemnt i revisorbrevet vart retta då den vart oppdaga 15.4.14.
- Ved rekneskapsavslutninga for 2014 vil arbeidet med å få til eit korrekt anleggsregister i samsvar med rekneskapsforskrifta § 8 og KRS nr. 9 verte fullført. Det vert frå fylkesrådmannen peika på at det for tannlegeutstyr krev ei mindre endring i dagens rutinar, men at det for vegar ikkje er nødvendig med endra rutinar.

Revisor skriv i ein uttale (e-post 05.11.14) at SF revisjon IKS ikkje har merknadar til fylkesrådmannen si tilbakemelding på revisorbrev 01/2014. Revisor vil i samband med revisjonen av årsrekneskapen for 2014 gjennomføre kontrollar der ein ser om oppfølginga er tilfredsstillande.

Kontrollsjefen har ingen merknadar utover det revisor skriv, og vil rå til at kontrollutvalet vedtek at oppfølginga av revisorbrev 01/2014 er fullført.

4. Konklusjon

Revisorbrev 01/2014 er etter kontrollsjefen si oppfatning oppfølgt av administrasjonen. Revisor vil følgje opp forholda i samband med revisjon av årsrekneskapen 2014.